



Prosjektrapport

Utgreiing skulestruktur 2015-2018

| | | |
|----------|---|-----------|
| 1 | INNLEIING | 3 |
| 1.1 | KORT OM OPPDRAGET..... | 3 |
| 1.2 | BAKGRUNNSDOKUMENT..... | 3 |
| 1.3 | KAPITLA I RAPPORTEN..... | 4 |
| 2 | ELEVTALESPROGNOSER..... | 5 |
| 2.1 | STATUS..... | 5 |
| 2.2 | PRIVATE SKULAR..... | 8 |
| 3 | AREALANALYSE MED KAPASITETS- OG FUNKSJONSVURDERING | 9 |
| 3.1 | UTEOMRÅDE..... | 9 |
| 3.2 | GRASDAL SKULE..... | 10 |
| 3.3 | SAGSTAD SKULE | 12 |
| 3.4 | VESTBYGD SKULE..... | 14 |
| 3.5 | ROSSLAND SKULE..... | 16 |
| 3.6 | MELAND UNGDOMSSKULE..... | 18 |
| 3.7 | OPPSUMMERING | 20 |
| 4 | SENTRALE MOMENT OG FØRESETNADER I VURDERINGA AV FRAMTIDIG SKULESTRUKTUR..... | 21 |
| 4.1 | TENELEGE GRUNNSKULAR..... | 21 |
| 4.2 | ANNA RELEVANTE TILHØVE | 22 |
| 4.2.1 | <i>Nærskuleprinsippet og skulekrinsar</i> | 22 |
| 4.2.2 | <i>Akseptabel reisetid</i> | 22 |
| 4.2.3 | <i>Målformer i grunnskolen</i> | 23 |
| 4.3 | LANGSIKTIG PLAN- OG UTVIKLINGSFOKUS | 23 |
| 4.3.1 | <i>Overordna må for grunnskolen i Meland</i> | 23 |
| 4.3.2 | <i>Endringar i busetjingsmønsteret</i> | 24 |
| 4.4 | KAPASITETSFOKUS | 26 |
| 4.5 | ØKONOMIFOKUS..... | 26 |
| 5 | SKILDRING STRUKTURALTERNATIV..... | 27 |
| 5.1 | ALTERNATIV 1..... | 28 |
| 5.2 | ALTERNATIV 2..... | 30 |
| 5.3 | ALTERNATIV 3..... | 30 |
| 5.4 | ALTERNATIV 4..... | 31 |
| 5.5 | AREAL TIL BRUK I FAGET KROPPSØVING (INKLUDERT SYMJING)..... | 32 |
| 6 | DRØFTING – KONSEKVENSENTGREIING..... | 33 |
| 6.1 | ALTERNATIV 1..... | 33 |
| 6.2 | ALTERNATIV 2..... | 33 |
| 6.3 | ALTERNATIV 3..... | 35 |
| 6.4 | ALTERNATIV 4..... | 36 |
| 7 | OPPSUMMERING OG TILRÅDING | 37 |

1 Innleiing

1.1 Kort om oppdraget

FS-054/13 Vedtak:

"Formannskapet vurderer at det er trong for ein heilskapleg gjennomgang av skulestrukturen sett opp mot kvalitet, elevtalsutvikling, utbygging i kommunen, økonomiske rammer og ønskje om å byggje ein skule for framtida i Meland kommune. For at skuleeigar skal få eit breitt, grundig, kunnskapsbasert og heilskapleg grunnlag for å ta ei avgjerd om framtidig skulestruktur, ber formannskapet rådmannen setja ned ei administrativ gruppe i arbeidet med å innhente kunnskapsgrunnlag for vidare planarbeid."

Eit sentralt spørsmål basert på mandatet er - *Kva for eit problem skal vi løyse?*

Utgangspunktet for arbeidsgruppa har vore at det skal byggjast tenelege skular. Tenelege skular er skular som er egna til formålet og fagmessig tilfredsstillande. Dei økonomiske rammene vil setje ramme for kva som er mogleg, men det overordna fokuset må vere at me har skular som er eigna til formålet.

Frist for levering av rapport var sett til 15. mars 2014. Grunna sjukdom og mangel på ledig arbeidskapasitet, har fristen vore utsett til haust 2014 med endeleg frist for levering 05. november 2014. Formannskapet skal ha gjennomgang av rapporten på sitt budsjettseminar 13.-14. november 2014.

Tidsperspektivet for rapporten er sett til fireårsperioden 2015-2018.

Deltakarar i den administrative gruppa har vore:

- Hogne Brunborg, Einingsleiar og rektor på Rosslund skule
- Berit M. Eskeland, Prosjektrådgjevar Meland kommune
- Per Inge Olsen, Økonomisjef Meland kommune
- Nils Andreas Stene/Adolf Hovgaard, Hovudtillitsvalt Utdanningsforbundet
- Reidun E. Johannessen, Skulefagleg rådgjevar (prosjektleiar)

1.2 Bakgrunnsdokument

Hovuddokument arbeidsgruppa har tatt utgangspunkt i arbeidet sitt er som følgjer:

- Kommuneplan for Meland kommune 2014-2025, samfunnsdel (vedteke 14.05.14, sak nr. 33/2014)
- Kommuneplan for Meland kommune 2014-2025, arealdel (første høyringsutkast med frist 01.10.14, sak nr. 14/458)
- Økonomiplan for Meland kommune 2015-2018, (vedteke 18.06.14, sak 39/2014)
- Opplæringslova med forskrifter

1.3 *Kapitla i rapporten*

Kapittel 2 *Elevtalsprognosar* gir eit bilete på forventa barne- og elevtall i åra som kjem. Gode elevtalsprognosar er det viktigaste faktagrunnlaget Meland kommune har for å bestemme framtidig skulebehov og skulestruktur.

Kapittel 3 *Arealanalyse med kapasitets- og funksjonsvurdering* gir ei status på korleis areal ved dei ulike skulane vert nytta, kva kapasitet som er tilgjengeleg og korleis ein kan ta i bruk tilgjengeleg areal (ute og inne) i framtida.

Kapittel 4 *Sentrale moment og føresetnader i vurderinga av framtidig skulestruktur* som arbeidssgruppa har vurdert å vere avgjerande når framtidig skulestruktur skal vurderast. Fokuset har vore på å byggje tenlege skular, vurdering av kapasitet i eksisterande skulebygg, kommunen sine overordna utviklingsplanar særskilt knytt til bustadbygging og økonomiske rammefaktorar.

Kapittel 5 *Strukturalternativ* synleggjer dei ulike alternativa arbeidssgruppa har arbeida med.

Kapittel 6 *Drøfting og konsekvensutgreiing* gir ei samla oversikt over fordelar og ulemper ved dei ulike strukturalternativa.


Kapittel 7 *Oppsummering og tilråding* gir ei oppsummering av hovudelement i rapporten, og ei tilråding om framtidig skulestruktur basert på tidlegare drøfting i rapporten.

2 Elevantalprognoser


Gode elevantalprognoser er det viktigaste faktagrunnlaget Meland kommune har for å bestemme framtidig skulebehov og skulestruktur. Arbeidsgruppa har ikkje fått høve til å få utført eksterne elevantalprognoser for planarbeidet. Gruppa har difor tatt utgangspunkt i tal frå folkeregisteret og utarbeidd nokre enkle prognosar.

2.1 Status

Meland kommune har ei ung befolkning. Tabellen under viser andelen personer i ulike aldersgrupper for Meland og for landet for øvrig. I alle aldersgruppene mellom 0 og 15 år, har Meland ein større andel innbyggjarar samanlikna med resten av landet. Spesielt i aldersgruppa 1-5 år og 6-12 år er forskjellen stor.




Meland har stor innflytting, og mange av innflyttarane er barnefamiljar med unge barn. På landsbasis flyttar familjar klart mest før barna byrjer på skulen. Når barna er i skulepliktig alder er andel som flyttar mykje mindre. Tabellen over viser at det er spesielt ein stor andel barn i Meland i aldersklassen 1-5 år. Barn som snart vil byrje på skulen.



Elevtalsprognosen over inkluderer alle barn frå 6-15 år i Meland kommune. Prognosen er utarbeidd av ssb (statistisk sentralbyrå) og er basert på middels nasjonal vekst og høg nasjonal vekst. Fram mot 2030 kan Meland kommune vente seg ei auke i elevtal. Middels vekst skisserer ei auke på 50 % som tilsvarar ei årleg vekst på 3,1 %. Høg vekst skisserer ein vekst på heile 70 % fram til 2030. Dette er 4,3 % auke i året.

Kor den største auka i elevtal vil kome er avhengig av bustadbygging, og veksten vil fordele seg ulikt på dei forskjellige skulane. For å rekne ut kor mange elevar kvar skule vil få i tida framover har ein tatt utgangspunkt i folkeregistrerte barn i krinsen per dags dato.



| Born fødd pr år: | Elevtal 2014-15 | Elevtal 2015-16 | Elevtal 2016-17 | Elevtal 2017-18 | Elevtal 2018-19 | Elevtal 2019/20 | Endr. 15-16 | Endr. 16-17 | Endr. 17-18 | Endr. 18-19 | Endr. 19-20 |
|------------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Grasdal skule | 116 | 130 | 144 | 166 | 179 | 178 | 14 | 14 | 22 | 13 | -1 |
| Sagstad skule | 359 | 378 | 388 | 399 | 431 | 443 | 19 | 10 | 11 | 32 | 12 |
| Meland Ung.skule | 155 | 151 | 159 | 169 | 177 | 192 | -4 | 8 | 10 | 8 | 15 |
| Vestbygd skule | 180 | 200 | 191 | 192 | 183 | 183 | 20 | -9 | 1 | -9 | - |
| Rossland 1. - 7 klasse | 125 | 115 | 118 | 111 | 106 | 99 | -10 | 3 | -7 | -5 | -7 |
| Rossland 8. - 10. | 112 | 113 | 109 | 126 | 132 | 140 | 1 | -4 | 17 | 6 | 8 |
| Rossland skule | 237 | 228 | 227 | 237 | 238 | 239 | | | | | |
| TOTAL | 1 047 | 1 087 | 1 109 | 1 163 | 1 208 | 1 235 | 40 | 22 | 54 | 45 | 27 |

Elevtalsprognosen for dei ulike skulane viser i snitt ei elevtalsauke på 3,6 % fram til 2019/2020. Denne prognosen er ikkje korrigert for innflytting/utflytting. Den tar berre høgde for dei barna som bur i krinsen i dag. Dette tyder at prognosen kan vere litt låg med tanke på den generelle folkeveksten Meland kommune opplever. Arbeidsgruppa vil anbefale at det blir utarbeidd meir nøyaktige prognosar i det vidare arbeidet med skulestruktur.

Prognosene viser at det er tre skular som vil få vekst: Sagstad skule, Grasdal skule og Meland ungdomsskule. Vestbygd skule og Rossland skule ser ut til å få relativt stabile elevtal. Tabellen viser vidare at det er venta at Grasdal og Vestbygd vil få omtrent like mange elevar i 2019. Medan Sagstad vil få ein auke på over 80 elevar i same periode.

| Forventa elevutvikling basert på skuleår 14/15 | Elevar i klassen pr klasstrinn 14/15: | | | | | | | | | | | | | | | |
|--|---------------------------------------|------------|------------|------------|------------|------------|-----------------------------|------------|------------|------------|------------|------------------------|-----------|-----------|-----------|-------------|
| | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 7 | 8 | 9 | 10 | | | | | | |
| Born fødd pr år: | 2013 | 2012 | 2011 | 2010 | 2009 | 2008 | 2007 | 2006 | 2005 | 2004 | 2003 | 2002 | 2001 | 2000 | 1999 | |
| Grasdal skule | 24 | 29 | 34 | 26 | 27 | 29 | 9 | 25 | 16 | 12 | 12 | 13 | | | | |
| Sagstad skule | 62 | 78 | 54 | 58 | 60 | 67 | 64 | 50 | 46 | 43 | 48 | 41 | | | | |
| Meland Ung.skule | 86 | 107 | 88 | 84 | 87 | 96 | 73 | 75 | 62 | 55 | 60 | 54 | 45 | 52 | 58 | |
| Vestbygd skule | 31 | 20 | 27 | 15 | 36 | 24 | 30 | 31 | 29 | 26 | 24 | 16 | | | | |
| Rossland skule | 11 | 11 | 13 | 20 | 13 | 14 | 17 | 18 | 16 | 20 | 17 | 23 | | | | |
| Rossl. ungd.skule | 42 | 31 | 40 | 35 | 49 | 38 | 47 | 49 | 45 | 46 | 41 | 39 | 29 | 45 | 38 | |
| TOTAL | 128 | 138 | 128 | 119 | 136 | 134 | 120 | 124 | 107 | 101 | 101 | 93 | 74 | 97 | 96 | |
| Skuleåret 2014/15: | Elevtal 1-7 klasse : | | | | | 780 | Elevtal 8-10 klasse: | | | | 267 | Elevtal totalt: | | | | 1047 |

Tabellen over viser utviklinga årskulla framover. Det er 2008-kullet som nå går i 1. klasse og 1999-kullet som nå går i 10. klasse. Ettersom kulla som begynner på skulane generelt sett er større enn dei som går ut får ein ei auke i summen elevar totalt sett.

2.2 *Private skular*

I Meland kommune vart det i skuleåret 2012-13 etablert ein privat skule, Danielsen ungdomsskule på Frekhaug. I planskildringa tek skulen sikte på å ha plass til ni klassar (tre parallellar på kvart trinn), maksimalt 270 elevar. Skuleåret 2014-15 har skulen totalt 131 elevar (5 klassar). Dei har to parallellar på kvart trinn utanom 10. trinn som berre har ein klasse.

Rektor ved Danielsen skule, på Frekhaug, orienterer om at skulestyret vil i møte 20. november ta stilling til om dei skal ta opp ein eller to klassar til neste år. Skulen har rundt 70 søkarar per dags dato. Skulen har søkt om å ha brakkebygg ståande klart til august 2017. Skulen har per 1. okt. i år 59 elevar busett i Meland kommune, litt under halvparten av samla elevtal ved skulen.

Det private skuletilbodet i kommunen har ført til ein auke i tall på elevar busett i Meland som er registrert i privat skule. Per 1. okt. 2014 har Meland kommune 1135 elevar registrert i grunnskulealder. Av desse er det registrert totalt 87 elevar i private skular frå Meland. Elevane er fordelt på tre ulike private skular i tre ulike kommunar.

| | Barneskule | Ungdomsskule |
|------------------|-------------------|---------------------|
| Offentlig | 782 | 266 |
| Andel | 98,5 % | 78,0 % |
| | | |
| Privat | 12 | 75 |
| Andel | 1,5 % | 22,0 % |
| | | |
| Sum | 794 | 341 |

Tabellen over viser oversikt over fordeling mellom offentleg og privat skule på både barnetrinnet og ungdomstrinnet. På barnetrinnet går 1,5% av elevane busett i Meland på privat skule, medan det på ungdomstrinnet er 22%, nesten er ein fjerdedel av elevane.

Arbeidsgruppa har ikkje grunnlag for å seie at tala som er skissert over vil bli ei trend i tida framover. Denne usikkerheten skaper noko utfordring når ein skal berekne elevtal for Meland ungdomsskule og ungdomstrinnet på Rosslund.

3 Arealanalyse med kapasitets- og funksjonsvurdering

Det ligg ikkje føre eigne statlege arealkrav for skuleanlegg, slik som det til dømes er for barnehagebygg. Vurdering av kor mange elevar og kor mange tilsette den einkilde skule har plass til, er i stor grad tufta på lokalt skjønn og tek i hovudsak utgangspunkt i det gamle klassesdelingstalet på maks 28 elevar per klasse for barneskuler og 30 elevar for ungdomsskuler.

Det fins ulike metodar for å berekne elevkapasitet per skule. Ein metode er å rekne kapasitet ut i frå netto generelt læringsareal. Dvs. å summere alt læringsareal og dividere på det talet ein reknar kvar elev bør ha. Ulempen med denne metoden er at den ikkje tar omsyn til innvendige løysingar som er lite formålstenlege. Same problematikken får ein dersom ein reknar kapasitet ut i frå samla bruksareal. Spesielt fordi dette arealet kan innehalde enda meir ikkje-nyttbart areal som t.d. tilfluktsrom.

Ein annan metode er å rekne kapasitet basert på tal klasserom. Ein reknar då at det bør vere mellom 2,1 m² og 2,3 m² per elev i klasserommet. I analysen vidare har vi valt å bruke 2,3 m² ettersom mange klasserom kan vere lite formålstenleg utforma. Teoretisk bør ein klasse på 28 elevar ha eit klasserom på minst 64 m². Utfordringa er å nytte denne kapasiteten fullt ut, ettersom klassestorleiken vil variere og språkdeling vil føre til behov for fleire klassar. Vidare vil variasjon i elevtalet på dei ulike årsstega, omsyn til pedagogisk forsvarleg gruppestorleik og kapasiteten til bygget sitt tekniske anlegg medverke til kva reell kapasitet er. Samstundes må kapasitet på spesialiserte læringsareal og personalavdeling vurderast særskilt.

I analysen under har vi valt å basere kapasitetsutrekninga på tal klasserom. I tillegg er det undersøkt korleis kapasiteten vert utnytta i praksis med tanke på om det vert nytta spesialrom til klasserom og kor mange klasser det er på kvart trinn som treng klasserom.

3.1 Uteområde

Sosial- og helsedirektoratet ga i 2003 ut rapporten « Skolens utearealer. Om behovet for arealnormer og virkemidler.» Rapporten tar for seg behovet for å planlegge og legge til rette for gode utearealer for elevar. Det blir anbefalt at skular har 50 m² uteareal per elev. Når skulen har meir enn 300 elevar er det anbefalt at kvar elev ut over talet på 300 har 25 m² uteareal.

Desse tala er ikkje heimla i lovverk, men må sjåast i samanheng med opplæringslova § 9a- 2 Det fysiske miljøet, 1. ledd: «Skolane skal planleggjast, byggjast, tilretteleggjast og drivast slik at det blir teke omsyn til tryggleiken, helsa, trivselen og læringa til elevane»


3.2 *Grasdal skule*

Grasdal skule er lokalisert på den austlige sida av Holsnøy. Elevar frå Litlebergen til Ådland soknar til Grasdal skulekrins. Skulen vart tatt i bruk i 1987, og er seinare bygd på i 1997 og 2013. Bruksarealet til skulen er på ca 1627 m² medan tomtearealet til skulen er nesten 14



daa, men tomte ligg svært ulendt til i terrenget, og i praksis er det tilgjengelege utearealet vesentleg mindre.

Skulen har i dag 116 elevar frå 1. – 7. trinn fordelt på 9 klassar. Prognoser viser at skulen vil få ei stor auke i elevtalet dei næraste åra. Frå 2014 til 2019 er det venta at elevtalet vil gå frå 116 til 178. Samtidig vil tal klassar auke frå 9 til 13.



Grasdal skule har berre 6 ordinære klasserom samt 2 grupperom. Eit av desse klasseromma kan delast i to med skiljevegg etter behov. For å få nok rom til 9 klassar vert også sløydsalen (ombygd i 2012) og skulekjøkkenet nytta som ordinære klasserom. Det er ikkje eigne rom for SFO. SFO nyttar ordinære klasserom og

| Grasdal skule | | |
|-----------------------------------|-------------------|------------|
| | Areal (m2) | Rom |
| Samla bruksareal bygning | 1637 | |
| Tomteareal | 13 960 | |
| Generelt læringsareal | | |
| Klasserom | 59 | 1 |
| Klasserom | 42 | 1 |
| Klasserom | 44 | 1 |
| Klasserom | 40 | 1 |
| Klasserom | 60 | 1 |
| Klasserom (kan delast i to) | 82 | 1 |
| SUM | 328 | 6 |
| Grupperom | 13 | 1 |
| Grupperom | 19 | 1 |
| SUM | 32 | 2 |
| Spesialiserte læringsareal | | |
| Mat og helse | 69 | 1 |
| Musikk | - | |
| Naturfag | - | |
| Sløyd | 66 | 1 |
| Bibliotek/Mediatek | 71 | 1 |
| Gymsal | 325 | 1 |
| SUM | 530 | 4 |
| Personalavdeling | | |
| Kontor/arbeidsrom | 70 | 4 |
| Forkontor | - | |
| Møterom | - | |
| Personalrom | 42 | 1 |
| SUM | 112 | 5 |
| Anna | | |
| WC | | 16 |

grupperom.

I utgangspunktet er den teoretiske kapasiteten på dei ordinære klasseromma 135 elevar. Denne teoretiske kapasiteten går ut frå at kapasiteten til kvart klasserom vert optimalt utnytta. I praksis let dette seg svært vanskeleg gjere ettersom gruppene må tilpassast tal elevar på kvart årstrinn samt språkdeling. Tre av klasseromma er også svært små, og det er i utgangspunktet berre eit klasserom som har kapasitet til ein klasse på 28 elevar.

Når det gjeld spesialisert læringsareal har skulen ei utfordring, grunna at både skulekjøkkenet og sløydsalen må nyttast som ordinære klasserom ein stor del av tida. Skulen manglar i tillegg musikkrom og naturfagrom, så ordinære klasserom vert nytta i desse faga.

Personalavdelinga omfattar i hovudsak 4 kontor på til saman 70 m² og eit personalrom. Det er behov for 16 kontorplassar i dag, så i snitt vert det 4,4 m² per lærar. Dette er ein del mindre enn dei 6 m² som vert anbefalt av

arbeidstilsynet. I tillegg manglar det møterom og kontor til helsesyster.


3.3 Sagstad skule

Elevar frå Frekhaug til Dale sokner til Sagstad skulekrins. Skulen vart bygd rundt 1960, og er seinare bygd på i 1970, 1978, 1997 og 2008. Bruksarealet til skulen er på ca 3500 m² og tomtearealet på skulen er 8,7 daa, men når ein trekkjer frå for bebyggd areal vert utearealet svært lite (15m²) per elev.



Skulen har i dag 359 elevar frå 1. – 7. trinn fordelt på 17 klassar. Prognoser viser at det er venta ei stor auke i elevtalet dei næraste åra. Frå 2014 til 2019 er det venta at elevtalet vil gå frå 367 til 443. Samtidig vil tal klassar auke frå 17 til 22.

Sagstad skule har 16 ordinære klasserom, og skulen bruker difor i tillegg musikkrommet som klasserom. I tillegg er skulebiblioteket flytta til eit mindre rom for å utløyse eit større klasserom til elevane. SFO har ikkje eigne areal, men nyttar ordinære klasserom og grupperom.



I utgangspunktet er den teoretiske kapasiteten på dei ordinære klasseromma 426 elevar, men storleiken på gruppene vert i praksis mindre og kapasiteten kan ikkje utnyttast fullt. Sagstad har ein god del spesialisert

| Sagstad skule | | |
|-----------------------------------|--------------|------------|
| | Areal | Rom |
| Samla bruksareal bygning | 3497 | |
| Tomteareal | 8758 | |
| Generelt læringsareal | | |
| Klasserom | 73 | 1 |
| Klasserom | 73 | 1 |
| Klasserom | 52 | 1 |
| Klasserom | 57 | 1 |
| Klasserom | 70 | 1 |
| Klasserom | 59 | 1 |
| Klasserom/SFO | 67 | 1 |
| Klasserom/SFO | 67 | 1 |
| Klasserom | 70 | 1 |
| Klasserom | 70 | 1 |
| Klasserom | 55 | 1 |
| Klasserom | 55 | 1 |
| Klasserom | 70 | 1 |
| Klasserom | 67 | 1 |
| Klasserom | 70 | 1 |
| Klasserom | 58 | 1 |
| SUM | 1033 | 16 |
| Grupperom | 21 | 1 |
| Hems/grupperom/SFO | 33 | 1 |
| Grupperom/SFO | 21 | 1 |
| Grupperom | 21 | 1 |
| Grupperom | 16 | 1 |
| Grupperom | 17 | 1 |
| Grupperom | 11 | 1 |
| Grupperom | 19 | 1 |
| Grupperom | 19 | 1 |
| Grupperom | 7 | 1 |
| SUM | 184 | 10 |
| Spesialiserte læringsareal | | |
| Datarom | 26 | 1 |
| Sløyd | 86 | 1 |
| Kunst og håndverk | 88 | 1 |
| Mat og helse | 87 | 1 |
| Musikkrom | 87 | 1 |
| Skulebibliotek | 39 | 1 |
| SUM | 412 | 6 |
| Personalavdeling | | |
| Kontor | 265 | 8 |
| Forkontor | - | |
| Lærerom/personal | 70 | 1 |
| Helsesøster | 7 | 1 |
| SUM | 341 | 10 |
| Anna | | |
| WC | | 19 |

læringsareal, men ikkje naturfagrom. Skulen har heller ikkje eigen gymsal, og nyttar Meland Aktiv til kroppsøving.

Når det gjeld personalavdelinga er det nyleg bygd om eit materialrom for å få fleire arbeidsplassar til lærarane. Likevel er det knapt med kontor plassar. Skulen har heller ikkje møterom.

3.4 Vestbygd skule


Elevar frå Holme til Fløksand sokner til Vestbygd skulekrins. Skulen vart tatt i bruk i 1997 og erstatta gamle Vestbygd skule som vart omgjort til barnehage. Vestbygd skule vart bygd på i 2012. Bruksarealet til skulen er på ca 2700 m² og tomtearealet er 20,6 daa. Dette er tilstrekkeleg med uteareal for elevane, men det er låg kapasitet på parkeringsplassar til tilsette.



Skulen har i dag 180 elevar frå 1. – 7. trinn fordelt på 13 klassar. Frå neste år vil elevtalet auke noko, og skulen vil igjen få 2 parallellar på kvart trinn i tida framover.

Det er i utgangspunktet 10 ordinære klasserom på skulen, men fire av desse kan delast i to ved behov, så skulen har i praksis 14 klasserom dersom gruppene ikkje er for store.

Den teoretiske kapasiteten på dei ordinære klasseromma er 270 elevar. Dette er vesentleg meir enn tal elevar i dag. Likevel er det i praksis ei utfordring at språkdelinga fører til at klassene må delast i grupper av



| Vestbygd skule | | |
|-----------------------------------|--------------|------------|
| | Areal | Rom |
| Samla bruksareal bygning | 2726 | |
| Tomteareal | 20 632 | |
| Generelt læringsareal | | |
| Klasserom | 67 | 1 |
| Klasserom | 59 | 1 |
| Klasserom | 59 | 1 |
| Klasserom | 74 | 1 |
| Klasserom | 60 | 1 |
| Klasserom | 66 | 1 |
| Klasserom | 58 | 1 |
| Klasserom | 77 | 1 |
| Klasserom | 77 | 1 |
| Klasserom | 82 | 1 |
| SUM | 677 | 10 |
| Grupperom | 19 | 1 |
| Grupperom | 9 | 1 |
| Grupperom | 14 | 1 |
| Grupperom | 12 | 1 |
| Grupperom | 12 | 1 |
| Grupperom | 9 | 1 |
| Grupperom | 20 | 1 |
| Grupperom | 17 | 1 |
| Grupperom | 19 | 1 |
| SUM | 130 | 9 |
| Spesialiserte læringsareal | | |
| Mat og helse | 77 | 1 |
| Kunst og håndverk/musikk | 59 | 1 |
| Sløyd | 76 | 1 |
| Mediatek | 89 | 1 |
| Galleri/datarom | 114 | 1 |
| Gymsal | 200 | 1 |
| Naturfag | - | |
| SUM | 614 | 6 |
| Personalavdeling | | |
| Kontor/arbeidsrom | 138 | 17 |
| Forkontor | 19 | |
| Møterom | 37 | 2 |
| Helsesøster | 18 | |
| Personalrom | 39 | |
| SUM | 252 | 19 |
| Anna | | |
| WC | | 19 |

svært ulik størrelse, som i mindre grad utnytter klasseromma optimalt.

Vestbygd har dei fleste spesialiserte læringsareala, men manglar naturfagrom. I motsetning til Sagstad skule og Grasdal skule er det ikkje behov for å nytte spesialrom som ordinære klasserom, men SFO må i likskap med dei andre skule nytta vanlege klasserom og grupperom.


Når det gjeld personalavdelinga er det i utgangspunktet nok kapasitet på kontor/arbeidsrom for lærarane. Det er også ved siste utbygging bygd eit eige kontor for helsesyster som også kan nyttast som møterom.

3.5 *Rosland skule*

Elevar frå Beitingen til Skjelanger sokner til Rosland skulekrins. Rosland skule er ein kombinert barne- og ungdomsskule. Elevar frå Vestbygd skule sokner til ungdomstrinnet på Rosland.



Skulen vart tatt i bruk i 1963, og er seinare bygd på i 1980, 1997, 2002 og 2005. Bruksarealet er på ca 3300 m² og tomtearealet 20,7 daa. Størrelsen på utearealet til elevane ligg omtrent på norma når ein trekkjer frå bebyggingsareal.



Skulen har for tida 238 elevar frå 1. – 10. trinn fordelt på 13 klassar. Elevtalet er venta å halde seg stabilt dei næraste åra. Skulen har i dag 13 ordinære klasserom, og dette er rekna til å vere tilstrekkeleg dei næraste åra.

| Rossland skule | | |
|-----------------------------------|--------------|------------|
| | Areal | Rom |
| Samla bruksareal bygning | 3314 | |
| Tomteareal | 20783 | |
| Generelt læringsareal | | |
| Klasserom | 60 | 1 |
| Klasserom | 59 | 1 |
| Klasserom | 69 | 1 |
| Klasserom | 55 | 1 |
| Klasserom | 60 | 1 |
| Klasserom | 59 | 1 |
| Klasserom | 59 | 1 |
| Klasserom | 59 | 1 |
| Klasserom | 62 | 1 |
| Klasserom | 69 | 1 |
| Klasserom | 62 | 1 |
| Klasserom | 61 | 1 |
| Klasserom | 63 | 1 |
| SUM | 797 | 13 |
| Grupperom | 19 | 1 |
| Grupperom | 17 | 1 |
| Grupperom | 20 | 1 |
| Grupperom | 8 | 1 |
| Grupperom | 8 | 1 |
| Grupperom | 17 | 1 |
| Grupperom | 17 | 1 |
| Grupperom | 13 | 1 |
| SUM | 119 | 8 |
| Spesialiserte læringsareal | | |
| Gymsal | 188 | 1 |
| Symjehall | 236 | 1 |
| Mat og helse | 80 | 1 |
| Naturfag/Musikkrom | 60 | 1 |
| Bibliotek | 120 | 1 |
| Sløyd | 84 | 1 |
| Kunst og handverk | 61 | 1 |
| Datarom | 40 | 1 |
| SUM | 869 | 8 |
| Personalavdeling | | |
| Kontor/arbeidsrom | 230 | 8 |
| Helsesystemer | 15 | 1 |
| Møterom | 15 | 1 |
| Personalrom | 68 | 1 |
| SUM | 328 | 11 |
| Anna | | |
| WC | | 20 |

I utgangspunktet er den teoretiske kapasiteten på dei ordinære klasseromma 347 elevar, men i likskap med dei andre skulane så vert gruppestørrelsen i praksis mindre og kapasiteten kan ikkje utnyttast fullt. Det er for tida ikkje språkdelling på Rossland skule.

Rossland har dei aller fleste spesialiserte læringsareala, men manglar musikkrom. Skulen har for tida som einaste skule i Meland eigen symjehall.


Når det gjeld personalavdelinga er det i utgangspunktet tilstrekkeleg med arbeidsrom og kontor til lærarane.

3.6 Meland ungdomsskule



Elevar frå Sagstad og Grasdal skule sokner til Meland ungdomsskule. Skulen vart tatt i bruk i 1966 i lokala til tidlegare Frekhaug Folkehøgskule, og er seinare bygd på fleire gongar, seinast i 2003. Bruksarealet er på ca 2700 m² og tomtearealet på ca 15 daa.

Skulen har i dag 155 elevar frå 8. – 10. trinn fordelt på 6 klassar. I tida framover er elevtalet venta å stige så mykje at ein om kort tid vil få ein ekstra parallell på kvart trinn. Skulen har i dag nok kapasitet med 6 klasserom, men det vil etter kvart vere behov for utviding.



I utgangspunktet er den teoretiske kapasiteten på dei ordinære klasseromma 171 elevar. Dette tyder på at kapasiteten på Meland ungdomsskule er svært godt utnytta. Ungdomsskulen kan i større grad ha fulle klasser ettersom ein ikkje opererer med språkdeling. Meland har dei spesialiserte læringsareala

| Meland ungdomsskule | | |
|-----------------------------------|--------------|------------|
| | Areal | Rom |
| Samla bruksareal bygning | 2 729 | |
| Tomteareal | 15 000 | |
| Generelt læringsareal | | |
| Klasserom | 59 | 1 |
| Klasserom | 59 | 1 |
| Klasserom | 71 | 1 |
| Klasserom | 71 | 1 |
| Klasserom | 71 | 1 |
| Klasserom | 71 | 1 |
| SUM | 402 | 6 |
| Grupperom | 19 | 1 |
| Grupperom | 22 | 1 |
| Grupperom | 22 | 1 |
| Studierom/Grupperom | 35 | 1 |
| Grupperom | 19 | 1 |
| Grupperom | 13 | 1 |
| Grupperom | 11 | 1 |
| Grupperom | 14 | 1 |
| Grupperom | 22 | 1 |
| Grupperom | 14 | 1 |
| SUM | 191 | 10 |
| Spesialiserte læringsareal | | |
| Mediatek | 116 | 1 |
| Kunst og handverk | 77 | 1 |
| Skuleboksamling | 61 | 1 |
| Kantine | 268 | 1 |
| Sløyd | 105 | 1 |
| Musikkrom | 104 | 1 |
| Naturfagrom | 73 | 1 |
| Mat og helse | 98 | 1 |
| SUM | 902 | 9 |
| Personalavdeling | | |
| Kontor | 226 | 15 |
| Møterom | 43 | |
| Personalrom | 56 | |
| SUM | 325 | |
| Anna | | |
| WC | | 27 |

dei skal ha utanom gymsal og symjehall der dei nyttar folkehøgskulen og Meland Aktiv.

Når det gjeld personalavdelinga er det tilstrekkeleg kapasitet på kontor/arbeidsrom for lærarane.

3.7 Oppsummering

Skulane i Meland har til felles at dei i takt med folkeveksten stadig har hatt trong for utviding. Bygningsmassen varierer mykje i alder og standard. Når det gjeld utnytting av bygningsmassen så har ein, som omtalt i starten av kapittelet, rekna ut ein teoretisk kapasitet på dei ulike skulane basert på tal klasserom og tal elevar. Dersom ein samanliknar den teoretiske kapasiteten på skulane med den faktiske elevmassen så kan ein berekne utnyttingsgraden. I tillegg kan ein berekne kor store klassane er i snitt. I tabellen under er dette vist.

| | Elevar | Teoretisk plass | Utnyttingsgrad | Snitt klassestørrelse |
|------------------|--------|-----------------|----------------|-----------------------|
| Grasdalen | 116 | 135 | 85,9 % | 13 |
| Sagstad | 359 | 426 | 84,3 % | 21 |
| Vestbygd | 180 | 270 | 66,7 % | 14 |
| Rosslan | 237 | 347 | 68,3 % | 18 |
| Meland | 155 | 171 | 90,6 % | 26 |

Tabellen over viser at den høgste utnyttingsgraden finn ein på Meland ungdomsskule. Her er også klassestorleiken størst. Det er lettare å fylle opp klassane på ungdomsskuletrinnet ettersom det ikkje er språkdeling her. Sagstad og Grasdalen skule har ein utnyttingsgrad på rundt 85 %. I tillegg veit ein at desse skulane må bruke spesialrom til ordinær undervisning. Dersom ein tar med spesialromma så vert utnyttingsgraden lågare. For Grasdalen vert den ca 70 % og for Sagstad ca 80 %. Dette kan tyde på at det på større skular vil vere mogleg å utnytte kapasiteten noko meir enn på mindre skular.

| | Klassar | Ordinære klasserom* | Differanse |
|------------------|---------|---------------------|------------|
| Grasdalen | 9 | 7 | -2 |
| Sagstad | 17 | 16 | -1 |
| Vestbygd | 13 | 14 | 1 |
| Rosslan | 13 | 13 | 0 |
| Meland | 6 | 6 | 0 |

*Klasserom som kan delast er rekna som to klasserom

Tabellen over viser utnytting av dei einskilde klasseromma. Her er klasserom som kan delast i to rekna som to klasserom i motsetning til tabellane elles i kapittelet. Det er kun på Vestbygd at det i dag er eit ledig klasserom. Alle dei andre skulane har anten for få klasserom eller akkurat nok.

På dei same skulane som har knapt med klasserom er det også for lite arbeidsplassar og møterom til lærarane.

4 Sentrale moment og føresetnader i vurderinga av framtidig skulestruktur

Det er ingen statlege krav som gir føringar for korleis kommunane innrettar grunnskuletenestene lokalt, og det er den ein skilde kommune som vel korleis grunnskuletenestene skal organiserast. Val av skulestruktur er såleis ei rein lokalpolitisk avgjerd. I dette kapitlet prøver ein å synleggjere og skilje mellom dei mest sentrale momenta som er tatt med i vurderinga i samband med evaluering og eventuell val av ny skulestruktur.

Sentralt i denne utgreiinga står utarbeidinga av elevtalsprognosene, som saman med kapasitetsvurderinga syner korleis behova vil melde seg i dei ein skilde skule- og opptaksområda.

Arbeidsgruppa har valt å ta utgangspunkt i fire hovudmoment i vurdering av framtidig skulestruktur. Lista er ikkje uttømande, men ein har prøvd å peika på dei hovudmomenta som er aktuelle for situasjonen i Meland kommune.

- *Tenelege skular:* skular som er egna til formålet og fagmessig tilfredsstillande
- *Langsiktig plan- og utviklingsfokus:* Ein skulestruktur må tilpassast overordna planar og langsiktige utviklingslinjer.
- *Kapasitetsfokus:* Utnytte og optimalisere eksisterande skulekapasitet, gjennom utviding eller reduksjon av kapasitet. Status i dag og behov framover.
- *Økonomisk fokus:* Ein skulestruktur som er kostnadseffektiv

4.1 Tenelege grunnskular

Opplæringslova er tydeleg på kommunen sitt ansvar når det gjeld å sørge for tenelege grunnskular. I opplæringslova § 5 om skuleanlegg les ein: «Kommunen skal sørge for tenelege grunnskular. Til vanleg bør det ikkje skipast grunnskular med meir enn 450 elevar.»

Å sørge for tenelege skular handlar om å ha grunnskular som tener sitt formål. Formålet er å gi opplæring til alle barn i grunnskulealder. «I grunnskolen skal opplæringa vere i samsvar med Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Læreplanverket for Kunnskapsløftet omfattar den generelle delen av læreplanen, prinsipp for opplæringa, læreplanane for faga og fag- og timefordelinga» (forskrift til oppl. § 1-1 første ledd).

Kommunen må sikre tilstrekkeleg med areal ut og inne for å drive skulen i samsvar med lovkrava. Tilstrekkeleg med areal er knytt til ordinære klasserom, spesialrom (musikk, kunst og handverk og kroppsøving), uteareal og eit nærmiljø som er egna for utflukt og turar.

Alle elevar skal tilhøra ei klasse/basisgruppe, jf. Opplæringslova § 8-2: «I opplæringa skal elevane delast i klassar eller basisgrupper som skal vareta deira behov for sosialt tilhør. For delar av opplæringa kan elevane delast i andre grupper etter behov. Til vanleg skal organiseringa ikkje skje etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhør. Klassane, basisgruppene og gruppene må ikkje vere større enn det som er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg.»

Skuleeigar vel korleis klassane/basisgruppene organiserast i høve til storleik, men må ikkje vere større enn det som er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg. Tidlegare klassesdelingstal med 28 elevar i klassen på 1.-7. trinn og 30 elevar i klassen på 8.-10. trinn vert ofte nytta som norm i dag.

4.2 **Anna relevante tilhøve**

4.2.1 **Nærskuleprinsippet og skulekrinsar**

Meland kommune har ikkje utarbeidd eigen forskrift for opptak til skulane. Det er nærskuleprinsippet som er styrande. Opplæringslova § 8-1 (1. ledd) er gjeldande føresegn for dette prinsippet: «*Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til (...)*».

Kva som skal reknast som nærskulen vert avgjort av ein rekkje forhold omtalt i opplæringslova sine forarbeid, jf NOU:18 1995 og Ot.prp. nr. 46 (1998-1999). Kva for ein skule som er nærmast, skal først og fremst vere avgjort ut frå geografiske tilhøve. Også andre objektive forhold som topografi og farleg skuleveg er relevante omsyn. I tillegg kan det leggjast vekt på subjektive forhold som at eleven har søsken på skulen (Udir).

Loven opnar for at kommunen kan fastsetje kva for eit geografisk område som skal være den einskilde skule si opptaksområde. Forskrift om skulekretsgrenser skal vere i samsvar med nærskuleprinsippet slik det vert tolka ut frå lov og forarbeida. Det ligg ikkje innanfor det kommunale handlingsrom eller sjølvstyre å fastsetje forskrifter i strid med nærskuleprinsippet. (Udir)

Arbeidsgruppa har ikkje funnet haldepunkt for lage eigen forskrift for opptak til skulane. Nærskuleprinsippet vil vere styrande.

4.2.2 **Akseptabel reisetid**

Opplæringslova § 7-1 gjev elevar følgjande rettar i høve til skuleskyss:

«Elevar i 2.-10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skolen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.»

I forarbeidet til opplæringslova vert det presisert det at skuleskyssen må organiserast slik at elevane får ei akseptabel reisetid. Særleg er det viktig å organisere skyssen for 6-åringane slik at reisetida blir så kort som mogleg.

Opplæringslova har ikkje lenger øvre grense for kva som er akseptabel reisetid, og det er opp til Meland kommune å gjere desse vurderingane. Tidlegare var maksimal reisetid, ein veg, lovregulert til 45 minutt for elevar på småtrinnet (1.-4. trinn), 60 minutt for elevar på

mellomsteget (5.-7. trinn) og 75 minutt for elevar på ungdomssteget (8.-10. trinn). Denne tilrådinga er ikkje lenger styrande for kommunane.

Avstanden til nærmaste skule i dagens skulestruktur er små og ligg innanfor det som vart vurdert som akseptabel reisetid (inkludert gang- og ventetid på bussen) i opplæringslova. Geografisk sett er Meland kommune av liten storleik, med kort reiseavstand mellom tettstadane.

4.2.3 Målformer i grunnskolen

Opplæringslova § 2-5 gjev elevane følgjande rettar i høve til val av målform i grunnskuleopplæringa:

«Kommunen gir forskrifter om kva målform som skal vere hovudmål i dei einskilde skulane. Hovudmålet skal nyttast i skriftleg opplæring og i skriftleg arbeid. Frå og med 8. årstrinnet vel elevane sjølv kva skriftleg hovudmålform dei vil bruke.»

I Meland kommune har alle skulane nynorsk som hovudmål.

«Når minst ti elevar på eitt av årstrinna 1-7 i ein kommune ønskjer skriftleg opplæring på eit anna hovudmål enn det kommunen har vedteke, har dei rett til å tilhøre ei eiga elevgruppe. Retten gjeld så lenge det er minst seks elevar igjen i denne gruppa (...).»

Denne lovreguleringa set grenser for kor stor basisgruppene/klassen kan vere på ein skule. Størst utslag for dette på Grasdal og Vestbygd skule, og noko på Sagstad skule.

Fastsetting av hovudmål ved skulen tyder at elevene må nytte denne målforma i sine skriftlege arbeid og at skulen sitt personale må nytte denne målforma i samband med meldingar og prøver mv. jf. Prp. 46 s. 156. Frå og med 8. trinn kan elevane sjølv avgjere kva for eit målform de ønskjer å nytte i sine skriftlege arbeider, men skulen skal fortsatt nytte vedteken målform i sitt skriftlege materiale.

4.3 Langsiktig plan- og utviklingsfokus

4.3.1 Overordna mål for grunnskolen i Meland

Kommunestyre har vedteke kommuneplan, samsfunndel, for Meland kommune i møte den 14. mai 2014 (sak nr 33/2014). I planen går det fram at Meland kommune skal arbeide for å leggje til rette for ein effektiv tenesteproduksjon innanfor dei viktigaste velferdsoppgåvene.

Følgjande overordna mål gjeld for skulen: *“Ein god skule med læring og trivsel for alle”*.

I kappittel fire i kommuneplanen som omhandlar skule seier planen noko om skulekapasitet og dekningsgrad. Planen presiserer at forholdet mellom skulestruktur, busetnad og folkevekst må vere i balanse. Planen legg vekt på at kvaliteten på undervisningslokala må vere god, samstundes som der er nok undervisningsareal til å takle forventa vekst i


barnetalet. Dette gjeld også areal til fysisk aktivitet inne og ute. Vidare presiserer planen at det vil vere trong for å utnytte eksisterande skulekapasitet fullt framover, i tillegg til nybygg for å takle vekst i elevtalet.

Slik arbeidsgruppa tolkar planen er det framtida sine behov, kor elevane bur i dag og kor elevane kjem til å bu i framtida, som bør vera eit styrande prinsipp i høve organiseringa av grunnskuletenesta i Meland. Kor elevane har budd bør spelar ei mindre rolle og bør ha eit underordna fokus i dei lokale strukturvurderingane.

4.3.2 Endringar i busetjingsmønsteret

Meland kommune arbeider med rullering av arealdel av kommuneplan. Planen har vore på høyring med frist 01.10.14. Dette planarbeidet er førande for korleis samfunnsutviklinga i Meland skal bli dei neste 12 åra.

Kommunen sine verdjar og overordna målsetjingar er:



- *Vi skal medverke til og oppleve god livskvalitet*
- *Vi skal ha ei berekraftig utvikling*
- *Vi skal vere ein av dei mest attraktive næringskommunane i Hordaland*
- *Vi skal tenke folkehelse i alt vi gjer*

I denne planen ligg det føringar som og vil verke inn i høve til utvikling av skulestrukturen.

Arealstrategiar for bustadbygging

Hovudtyngda av bustadbygginga skal skje i regulerte område i tilknytning til Frekhaug kommunesenter og områdesenteret Rosslund. Utviklinga skal ha som mål å byggje opp under næringsliv, kultur og infrastruktur

Byggeområde som var lagt inn i kommuneplanen for 2003- 2014 er i hovudsak vidareført i noverande planframlegg. Arealbehov for bustadføre mål er vurdert på bakgrunn av byggeaktivitet dei siste åra, arealreserver i gjeldande planer, tendensar i eigedomsmarknaden, folketalsutviklinga og den alminnelege samfunnsutviklinga. I kommuneplanssamanheng er det nødvendig å ha ein viss overkapasitet på bustadområde, då store delar av utbyggingsområda er i privat eige. Tilbodet i marknaden vert i stor grad styrt av private utbyggjarar sine prioriteringar i høve til etterspørsel og lønsemd. Det reelle utbyggingsbehovet kan styrast kontinuerlig i planperioden gjennom vedtak om reguleringsplanar.

I gjeldande plan er det framleis arealreserve til om lag 1200 nye bustader. Oversikta byggjer på ei kartlegging. Formannskapet har gjort vedtak i planprogrammet om at vi skal søkje å avgrense folkeveksten til om lag 2,5 % kvart år. Dette legg føringar for kor mange nye bustader det vert opna for å byggje kvart år. Kommunen har eit mål om å opne for etablering av 150 nye bustader i året.

For å kunne gje eit variert tenestetilbod, vil kommunen byggja ut pressområda over tid. Dette for å unngå at kapasiteten på dei kommunale tenestene vert sprengd og for å sikre eit variert bustadmiljø.

Det er lagt inn nye bustadområder i alle delar av kommunen. Rossland/Vikebø er det området som på kort sikt toler størst utbygging, då det er mindre press på offentleg struktur der. Det er aktuelt å fastsetje reglar som regulerer framdrifta og utbyggingstakten innanfor byggeområda i Vestbygd- og Sagstad-krinsen. I Sagstad-krinsen er det lagt inn eit relativt stort nytt bustadareal mot Litlebergen.

| Grasdal skulekrins | Areal i daa | Bustader |
|--|-------------|---------------------|
| Nytt areal | 112 | 157 |
| Ledige tomter i gjeldande kommuneplan, uregulert | 76 | 106 |
| Ledige tomter i gjeldande kommuneplan, regulert | 59 | 83 |
| Totalt utbyggingsareal | 247 | Bustader 346 |

| Sagstad skulekrins | Areal i daa | Bustader |
|--|-------------|----------------------|
| Nytt areal | 636 | 890 |
| Ledige tomter i gjeldande kommuneplan, uregulert | 212 | 297 |
| Ledige tomter i gjeldande kommuneplan, regulert | 195 | 273 |
| Totalt utbyggingsareal | 1043 | Bustader 1460 |

| Vestbygd skulekrins | Areal i daa | Bustader |
|--|-------------|---------------------|
| Nytt areal | 89 | 125 |
| Ledige tomter i gjeldande kommuneplan, uregulert | 0 | 0 |
| Ledige tomter i gjeldande kommuneplan, regulert | 50 | 70 |
| Totalt utbyggingsareal | 139 | Bustader 195 |

| Rosslund skulekrins | Areal i daa | Bustader |
|--|-------------|---------------------|
| Nytt areal | 435 | 609 |
| Ledige tomter i gjeldande kommuneplan, uregulert | 260 | 364 |
| Ledige tomter i gjeldande kommuneplan, regulert | 0 | 0 |
| Totalt utbyggingsareal | 695 | Bustader 973 |

| Totalt | Areal i daa | Bustader |
|--|-------------|----------------------|
| Nytt areal | 1272 | 1781 |
| Ledige tomter i gjeldande kommuneplan, uregulert | 548 | 767 |
| Ledige tomter i gjeldande kommuneplan, regulert | 304 | 426 |
| Totalt utbyggingsareal | 2124 | Bustader 2974 |

Utviding av areal i tilknytning til skular

Med befolkningsveksten som ligg inne i planperioden, er det naudsynt å vurdere nybygging eller utviding av eksisterande skular. Det er særleg Vestbygd, Grasdalen og Sagstad skular som er pressa på elevtal, her er det lagt til rette for utviding. Meland ungdomsskule har også behov for areal i høve til utviding. Her er det tett med bygg i nærområdet, og det er lagt inn framlegg til utviding av skulen over vegen.

Føresegnene

I dei juridisk bindande føresegnene til arealplanen er det også føringar i høve til samfunnsutviklinga, dei som er nemnt her er særleg knytt opp mot skuleutviklinga. For meir detaljar viser vi til dokumentet «Planføresegnar for Meland kommune».

Utbyggingstakt: Det kan opnast for å byggje inntil 150 nye bustader i året i planperioden.

Krav om rekkjefølgje (teknisk infrastruktur mm.), jf. pbl §§ 11-9, nr 4 sagt: For områder avsett til framtidig bustad- og næringsbygging kan det ikkje gis rammeløve eller igangsetting av tiltak før - naudsynt kapasitet på skule og barnehage er etablert .

4.4 Kapasitetsfokus

Skulestrukturvurderingar bør som hovudregel søkje løysingar som utnyttar og optimaliserer eksisterande skuleanlegg. Skular med plass til fleire elevar, bør utnyttast og fyllast opp, slik at kvart skuleanlegg får det elevtalet det er bygd for.

Kontinuerlege endringar i elevtalet ved skulane, gjer at kapasiteten ved skulane også endrar seg. Difor er det naudsynt å sjå på skulestrukturen i eit overordna behovsperspektiv med jamne mellomrom.

I analysen har vi valt å basere kapasitetsutrekninga på tal klasserom. I tillegg er det undersøkt korleis kapasitet vert nytta i praksis med tanke på tal klasserom. Den høgste utnyttingsgraden finn ein på Meland ungdomsskule. Her er også klassestorleiken størst. Årsaka til den høge utnyttingsgraden heng saman med at ungdomsskulen ikkje har språkdeling.

4.5 Økonomifokus

Kommunen sine økonomiske rammer er skissert i budsjett og økonomiplan for 2015-18.

5 Skildring strukturalternativ

Arbeidsgruppa har arbeidd med ulike strukturalternativ. Desse vil bli skildra under og drøfta i påfølgande kapittel. Strukturalternativa skildrar nokre strukturalternativ, men er på ingen måte ei utfyllande oversikt over alle moglegheiter.

| | |
|--------------|--|
| Alternativ 1 | Bygge på Grasdalen skule Bygge på Sagstad skule Bygge på Meland ungdomsskule |
| Alternativ 2 | Bygge på Sagstad skule - Gjere om Grasdalen skule til 1.- 4. klasse Bygge på Meland ungdomsskule |
| Alternativ 3 | Bygge på Sagstad skule - Legge ned Grasdalen skule - Legge ned Vestbygd skule Bygge ny ungdomsskule - Legge ned Meland ungdomsskule - Legge ned ungdomstrinnet på Rosslan skule |
| Alternativ 4 | Bygge ny skule for 5.-10. klasse - Gjere om Grasdalen skule til 1.- 4. klasse - Gjere om Sagstad skule til 1.- 4. klasse - Legge ned Meland ungdomsskule - Legge ned ungdomstrinnet på Rosslan skule |

For berekning av kapasitet har ein nytta same modell som i kap 3, dvs. 2,3 m² per elev per klasserom. I tillegg har ein tatt omsyn til at kapasiteten ikkje kan nyttast fullt ut, og derfor berekna 80 % utnytting på barneskular og 90 % på ungdomsskular.

I berekning av kostnader for dei ulike alternativa har ein lagt til grunn ein kvadratmeterpris på 30 000 kr/m² for tilbygg. Dette er ein grov kostnads kalkyle basert på tidlegare utbyggingar i kommunen og elles i regionen. For heilt nye skular vil det vere ei større usikkerheit og det er her lagt inn 35 000 kr/m². Vidare i prosessen vil forprosjekt for det enkelte prosjekt gje ein meir nøyaktig kostnads kalkyle. I berekning av kostnader, så har ein trekt ut mva kostnaden av prosjekta ettersom det er full momskompensasjon. Summane som då går fram er den faktiske kostnaden ein reknar med kommunen vil sitte att med.

5.1 **Alternativ 1**

Alternativ 1 er ein vidareføring av skulestrukturen i dag. I perioden fram til 2018 er det eit stort behov for å auke kapasiteten på både Grasdal og Sagstad skule. I tillegg viser prognosar at det på slutten av perioden kan bli behov for å auke kapasiteten på Meland ungdomsskule, men dette er meir usikkert.

Alt 1: Utbygging Grasdal skule - tilbygg

Elevtalsprognoser viser at Grasdal skule vil få ei stor auke i elevtal dei næraste åra. Frå 116 elevar i 2014 til 178 elevar i 2019/2020. Årskulla ser ut til å ligge mellom 25- 30 elevar, og i praksis vil det då bli behov for 2 parallellar på kvart trinn grunna språkdeling. Det blir i dette alternativet skissert ei utbygging som gir Grasdal ein maksimal kapasitet på 247 elevar, som dersom utnytta 80 % gir plass til 198 elevar – 28 elevar på kvart trinn. Utbygginga vil sikre at skulen ikkje treng å bruke sløydsalen og skulekjøkkenet til ordinær undervisning. I tillegg vil ein få ein tilfredsstillande kapasitet på grupperom og kontor. Det er også lagt inn bygging av eige musikkrom. Det er ikkje lagt inn eige naturfagrom.

Alternativ 1 legg opp til ein utbygging av Grasdal på eksisterande skuleplass. I samband med stor elevvekst vil utearealet på Grasdal bli mindre enn det som er anbefalt med omsyn til elevtalet. Det er i tillegg et svært avgrensa areal som er formålstenleg å tilføre skulen som uteområde grunna bratt terreng i området. Det arealet som kan brukast er sett av i høyringsutkastet til kommuneplanens arealdel.

Det vert vurdert som svært uheldig med tanke på arealsituasjonen og bygge på skulen ytterlegare utover det alternativ 1 skisserar. Utgangspunktet i alternativ 1 er at Grasdal blir bygd ut maksimalt for all framtid i ei og same utbygging, som då kan gjerast på mest mogleg formålstenleg måte.

Behov

Generelt læringsareal:

4 klasserom som kan delast i to ved behov

Musikkrom

4 grupperom

Personalavdeling:

Kontor og møterom

Omfang: ca. 750 m²

Kostnadsrekna: ca. 18 mill (eks mva)

Alt. 1: Utbygging Sagstad skule – tilbygg

For Sagstad skule viser elevtalsprognosene at ein vil gå frå 359 elevar i 2014 til 443 elevar i

2019/2020. Årskulla varierer mellom 54 og 78, og dette tilseier at skulen vil få 3 parallellar på kvart trinn med mogleg innslag av 4 parallellar, avhengig av språkdeling. Utbygginga i alternativ 1 vil gi Sagstad skule ein teoretisk kapasitet på 594 elevar. I praksis vil denne kapasiteten kunne utnyttast rundt 80 % dvs. 475 elevar – 68 elevar på kvart trinn. Utbygginga vil sikre at skulen ikkje treng å bruke musikkrommet til ordinær undervisning. I tillegg vil ein få ein tilfredsstillande kapasitet på grupperom og kontor.

Alternativ 1 legg opp til ein utbygging av Sagstad på eksisterande skuleplass. I utgangspunktet ser ein for seg at gamal symjehall bør rivast for å gje plass til utbygginga. Utearealet til Sagstad er alt for lite slik det er i dag. Det er satt av eit større areal rundt skulen i høyringsutkastet til kommuneplanens arealdel som vil gi gode moglegheiter for å auke utearealet.

Behov

Generelt læringsareal:

6 klasserom

8 grupperom

Personalavdeling:

Kontor og møterom

Omfang: ca 1000 m²

Riving av symjehall og kjøp og opparbeiding av meir uteareal

Kostnadsrekna: ca. 26 mill (eks mva)

Alt 1: Meland ungdomsskule - tilbygg

Elevtalsprognoser for Meland ungdomsskule viser at elevtalet vil gå frå 155 elevar i 2014 til 192 elevar i 2019/2020. Årskulla vil i nokre år sjå ut til å overstige 60 elevar, og dette vil kunne føre til behov for 3 parallellar. Prognosane er likevel svært usikre ettersom ein ikkje veit kor mange elevar som vil velje å gå på privat ungdomsskule.

Alt. 1 skisserar ei utbygging til 3-parallellar som vil gi Meland ungdomsskule ein teoretisk kapasitet på 261 elevar. Dersom denne kapasiteten vert utnytta 90 % vil skulen kunne ha 235 elevar – 78 elevar på kvart trinn. Ein slik utbygging vil sikre tilstrekkeleg med klasserom. Utbygginga legg opp til eit tilbygg på eksisterande tomt.

Behov

Generelt læringsareal:

3 klasserom

3 grupperom

Omfang: ca. 400 m²

Kostnadsrekna: ca. 10 mill (eks mva)

5.2 **Alternativ 2**

Alternativ 2 er eit alternativ som søker å bevare skulestrukturen, men som unngår at kommunen må investere på mange skular samtidig. Dette kan gjerast ved å endre skuletype. I dag er Grasdalen skule ein 1. – 7. klasse skule. Alternativ 2 inneber å gjere om skulen til ein 1. – 4. klasse skule. Dette vil føre til at 5. – 7. klasse på Grasdalen vil bli flytta til Sagstad. Ved å gjere om Grasdalen til berre å omfatte barnetrinnet, vil det ikkje vere behov for å utvide skulen for å ta opp elevveksten dei næraste åra.

For ungdomstrinnet er alternativet det same som i alternativ 1: Utviding av Meland ungdomsskule med tilbygg.

Alt. 2: Utbygging Sagstad skule – tilbygg

For Sagstad skule viser elevtalsprognosane at ein vil gå frå 359 elevar i 2014 til 508 elevar i 2019/2020 ved inkludering av 5. – 7. klasse på Grasdalen. Utbygginga i alt. 2 vil gi Sagstad skule ein teoretisk kapasitet på 678 elevar. Dersom denne kapasiteten vert utnytta rundt 80 % dvs. 542 elevar – 77 elevar på kvart trinn.

Behov

Generelt læringsareal:

9 klasserom som kan delast i to ved behov

11 grupperom

Personalavdeling:

Kontor og møterom

Omfang: ca 1350 m²

Riving av symjehall og kjøp og opparbeiding av meir areal

Kostnadsrekna: 34 mill (eks mva)

5.3 **Alternativ 3**

Utgangspunktet for alternativ 3 var å sjå om det var mogleg å slå saman skular for å oppnå ein meir effektiv drift. Hypotesen var at store skular er meir effektive enn små skular. På barnetrinnet vart det vurdert å leggje ned Grasdalen skule og flytte elevane til Sagstad. I tillegg vart det foreslått vurdert å leggje ned Vestbygd skule. Elevane frå Vestbygd ville då blitt flytta til Sagstad eller Rossland basert på nærskuleprinsippet. Arbeidsgruppa valte å ikkje gå vidare med dette alternativet, då prognosar viste at Sagstad ville få rundt 700 elevar allereie i 2018.

På ungdomstrinnet går alternativ 3 ut på å byggje ein ny felles ungdomsskule, og dermed leggje ned ungdomstrinna på Rossland og Meland ungdomsskule der den er lokalisert no.

Alt 3: Ny ungdomsskule

Elevtalsprognoser for ungdomstrinnet viser at ein vil gå frå 267 elevar i 2014 til 332 elevar i 2019. Dette gir 111 elevar per trinn og eit behov for 4 parallellar. Utbygginga i alt. 2 skisserar ei utbygging med 4 parallellar. Skulen vil kunne ha ein maksimal kapasitet på 360 elevar. I praksis vil ei utnytting på 90 % huse 324 elevar. Dette er noko mindre enn det prognosen viser, men da er tatt høgde for at ein del elevar vil velje å gå på privat skule. I kostnadsestimatet er det berre lagt inn skule. Ein gymsal/fleirbrukshall vil kome i tillegg.

Behov

Ny ungdomsskule

Omfang: ca 4000 m²

Kostnadsrekna: 110 mill (eks mva)

5.4 **Alternativ 4**

Alternativ 4 søker å knytte investeringskostnader til ein stad samtidig som vi beheldt eksisterande skulestruktur. Prognosear viser ei auke både i elevtal på barnetrinnet og ungdomstrinnet. For å samle dette i ei investering, vert det foreslått å byggje ein ny 5. – 10. klasse skule på Frekhaug. For å unngå å måtte byggje på Grasdal og Sagstad, vert desse skulane omgjort til 1. – 4. klasse skular. På ungdomstrinnet går alternativ 4 i likskap med alternativ 3 ut på å leggje ned ungdomstrinna på Rosslund og Meland ungdomsskule, som vert flytta til den nye skulen.

Alt 4: Ny skule for mellom- og ungdomstrinn 5.-10. klasse

Elevtalsprognoser viser at ein slik skule vil ha 588 elevar i 2019. Ei utbygging i alternativ 4 må da ta høgde for 4 parallellar på kvart trinn. I kostnadsestimatet er det berre lagt inn skule. Ein gymsal/fleirbrukshall vil kome i tillegg.

Behov

Ny skule 5. – 10. klasse

Omfang: ca 7000 m²

Kostnadsrekna: 196 mill (eks mva)

Utbygginga vil sikre skulen ein teoretisk kapasitet på 696 elevar. Dersom denne kapasiteten vert utnytta 90 % dvs. 626 elevar – 104 elevar på kvart trinn. Ein slik skule vil bli bygd i to «avdelingar» ein for mellomtrinnet og ein for ungdomstrinnet.

5.5 ***Areal til bruk i faget kroppsøving (inkludert symjing)***

I dag har korkje Sagstad skule eller Meland ungdomsskule eigen gymsal, og det er berre Rosslund skule som har symjebasseng. For å få dekkja behovet for kroppsøving vert det leigd lokale hos Meland Aktiv og Nordhordland Folkehøgskule. Det er snart ikkje meir kapasitet att, og det er eit stort behov for lokale til kroppsøving i Frekhaug-området.

Arbeidsgruppa har i sitt arbeid valt å ikkje ta til stilling til bygging av ny fleirbrukshall og symjebasseng. Bygging av areal til desse formåla dekkjer ikkje berre skulane sitt behov, men dekkjer behov for heile kommunen som eit storsamfunn (offentleg, privat, frivillig m.m).

Arbeidsgruppa meiner difor at dette bør vurderast som ein eigen sak i samband med revidering av økonomiplanarbeidet.

6 Drøfting – konsekvensutgreiing

6.1 *Alternativ 1*

| | |
|--------------|--|
| Alternativ 1 | Bygge på Grasdal skule Bygge på Sagstad skule Bygge på Meland ungdomsskule |
|--------------|--|

Alternativ 1 er ingen endring i eksisterande skulestruktur. Ved å bygge på Sagstad og Grasdal skule sikrar kommunen at desse skulane har nok kapasitet i næraste framtid. I utgangspunktet går dei førebelse prognosene for kvar skulekrins fram til 2019/2020. Basert på dei utbyggingsareala som allereie er lagt ut, og dei som er foreslått lagt ut i høyringsutkastet til kommuneplanen sin arealdel, vil det bli stor vekst i Sagstad-krinsen i tida framover. I Grasdal-krinsen er veksten meir usikker grunna rekkefølgjekrav til utbetring av Fv245 og Fosse-krysset. Arbeidsgruppa tilrår at det vert gjennomført ei meir nøyaktig elevtalsprognose i løpet av 2015.

Dersom alternativ 1 vert valt så bør det vere ein endeleg utbygging av Grasdal skule, ettersom det er så lite areal tilgjengeleg igjen. For Sagstad sin del vert det også anbefalt at skulen ikkje vert bygd på utover det alternativ 1 skisserar. Årsaka er at skulen vil kunne få en kapasitet som overstig den anbefalte norma på 450 elevar. Det vil vere vanskeleg å byggje skulen formålstenleg utover denne størrelsen. Nye skular kan i mykje større grad byggast på ein måte som gjer det mogleg å ha fleire enn 450 elevar. Til dømes trinndelte avdelingar. I framtida vil det bli trong for meir skulekapasitet i området Frekhaug-Flatøy. Det bør gjerast ei nærare utredning om dette. Arbeidsgruppa ser for seg at det bør byggast ein ny barneskule i området etter kvart.

Det er større usikkerheit om ungdomsskulen. Årsaka er at 22 % av ungdomsskuleelevane i Meland kommune i dag går på privat skule. Utbygging av Meland ungdomsskule bør difor vurderast fortløpande på bakgrunn av korleis elevsituasjonen blir i tida framover. I utgangspunktet ser det ikkje ut til å vere behov for ei utbygging før tidligast i 2018.

6.2 *Alternativ 2*

| | |
|--------------|--|
| Alternativ 2 | Bygge på Sagstad skule - Gjere om Grasdal skule til 1.- 4. klasse Bygge på Meland ungdomsskule |
|--------------|--|

Alternativ 2 skisserer eit alternativ der ein berre må bygge på ein av barneskulane i planperioden i staden for to. Arbeidsgruppa har hatt ein hypotese om at dette kan gi vesentlege innsparingar på både drift og investering.

Tabellen nedanfor summerer opp viktige nøkkeltal for skulane i Meland når ein skal gjere ein økonomisk analyse av skuledrifta i kommunen.

| Skule | Elevar 14/15 | Nye elevar 15/16 | Gj.snitt elevar 2015 | Klassar 14/15 | Nye klass. 15/16 | Gj.sn. klassar 2015 | Snitt klasse- størr. | Budsjett 2015 | Kostn. pr klasse | Kostn. pr elev | Årsverk | Kostn pr årsverk | Årsverk pr klasse | Årsverk pr elev |
|------------|-----------------|------------------------|----------------------------|------------------|------------------------|---------------------------|----------------------------|------------------|---------------------|-------------------|---------------|---------------------|----------------------|--------------------|
| Grasdal | 116 | 14 | 121,6 | 9 | 1 | 9,4 | 12,9 | 10 045 | 1 069 | 82,6 | 15,00 | 670 | 1,60 | 0,123 |
| Sagstad | 359 | 19 | 366,6 | 17 | 1 | 17,4 | 21,1 | 25 298 | 1 454 | 69,0 | 39,90 | 634 | 2,29 | 0,109 |
| Vestbygd | 180 | 20 | 188,0 | 13 | 1 | 13,4 | 14,0 | 14 046 | 1 048 | 74,7 | 20,00 | 702 | 1,49 | 0,106 |
| Rosslund | 237 | -9 | 233,4 | 13 | | 13,0 | 18,0 | 21 153 | 1 627 | 90,6 | 32,80 | 645 | 2,52 | 0,141 |
| MUS | 155 | -4 | 153,4 | 6 | | 6,0 | 25,6 | 16 245 | 2 708 | 105,9 | 23,75 | 684 | 3,96 | 0,155 |
| Sum | 1 047 | 40 | 1 063,0 | 58 | 3 | 59,2 | 18,0 | 86 787 | 1 466 | 81,6 | 131,45 | 660 | 2,22 | 0,124 |

Budsjettal er netto kostnader ekskl. skuss, SFO og drift av skulebygningane frå rådmannen sitt budsjettframlegg for 2015 som er under arbeid, og viser såleis berre kostnader til drift av sjølve skulen. Kostnader til drift og vedlikehald av skulebygningane vert budsjettert på tenesteområdet Plan, Utbygging og kommunalteknikk (PUK), og er ikkje med i oppsettet. SFO skal i utgangspunktet vere sjølvfinansierende med brukarbetaling, og er difor ikkje relevant for kostnadssamanlikna. Nye klassar, auke i elevtal og kostnader gjeldande frå haustsemesteret vert rekna med 40% av årsverknad det året dei kjem til.

At ikkje drift og vedlikehald er med i analysen gjer at vi ikkje får vurdert om der er store forskjellar i vedlikehaldsbehov eller andre ulikheter i driftsforhold mellom skulane som kan påverke analysen. Dersom vi har ein heilt ny og energieffektiv skule og ein eldre skule som skal samanliknast, vil vi kunne få uriktige konklusjonar. Vi meiner at i Meland er dette ikkje tilfelle, skulane er relativt like i drifts- og vedlikehaldsbehov, og tilstanden på bygga vil såleis ikkje ha påverknad på avgjerd om skulestruktur og nye investeringar i skulebygg.

Totalt er det i skuleåret 2014/2015 1047 elevar i den offentlege skulen i Meland kommune. Skulane har til saman 58 klassar dette skuleåret. Vi ventar 40 nye elevar i skulen frå og med hausten 2015, noko som vi reknar med vil løyse ut trong for 3 nye klassar. Kostnader til å drifte desse er lagt inn i budsjettet på dei respektive skulane.

Klassestørrelsen i skuleåret 14/15 er i gjennomsnitt på 18,0 elev pr klasse. Grasdal og Vestbygd har dei minste klassane med henholdsvis eit snitt på 12,9 og 14 elevar. Totalt budsjetterer kommunen med kr 86,8 mill på rein skuledrift i 2015. Kostnad pr elev i budsjettåret er i gjennomsnitt kr 81.600,-. Sagstad skule er billigast med kr 69.000,- i kostnad pr elev. Sjølv når ein tek omsyn til at drift og vedlikehald ikkje er med, er dette ein svært låg kostnad.

Vi ser og at kostnader pr elev varierer mindre mellom skulane enn kostnader pr klasse gjer. Kostnad pr klasse på Sagstad skule er kr 1,45 mill, medan tilsvarande tal på Grasdal er kr 1,07 mill og kr 1,05 mill på Vestbygd skule. Dette kan indikere at skulane i stor grad klarer å tilpasse driftsnivået sjølv om skulen i utgangspunktet har mange små klassar. I andre kommunar har vi sett større skilje i driftskostnader mellom store og små skular. For Meland

sin del er det truleg slik at dei små skulane i Meland ikkje er så små (minst er Grasdal med 116 elevar) når dei vert samanlikna med dei minste skulane i ein del av dei meir spredt busette kommunane, som har dyre skular med under 50 elever totalt.

Vi ser og at kostnad pr klasse og kostnad pr elev er ein god del høgare på Rosslund skule og på Meland Ungdomsskule (MUS) enn i dei reine barneskulane. Meland ungdomsskule har særleg høge kostnadar pr klasse (kr 2,7 mill.)

Dersom vi skal leggje til grunn budsjettet for 2015 i ein økonomisk analyse av skulestrukturen må konklusjonen verte at det økonomisk ikkje er noko vesentleg å tene på å slå saman skular ved å leggje ned dei minste skulane. Vi kan rekne med at skysskostnadane pr elev dersom vi må betale skuleskyss til ein samanslått skule er ca kr 12.000,-.

Dersom vi til dømes vel å flytte elevar frå Grasdal skule til Sagstad skule, antar vi at elevane som i dag koster 82 600 kr på Grasdal vil koste 69 000 kr på Sagstad. I tillegg vil vi få skysskostnader på 12 000 kr pr elev, og tilsaman vert da kostnaden 81 000 kr per elev. Dette er berre 1600 kr mindre enn det elevane koster på Grasdal i dag, og såleis ei lita innsparing.

Når det gjeld investeringskostnader er det ein differanse på 10 mill mellom å bygge alt. 1 og alt. 2 til fordel for alt. 2. Dersom kommunen må dekke inn omtrent 6 % av denne kostnaden i året i renter og avdrag utgjør dette 600 000 kr.

Dette tenkte eksempelet gjer oss for låg innsparing til av økonomiske årsaker vurdere samanslåing og overføring av Grasdal-elevane til Sagstad. Vi må altså konkludere med at basert på en enkel analyse av budsjetterte utgifter for 2015, og slik skulen i Meland vert drive i dag, er det lite å spare på rein skuledrift ved å slå saman skular. Det bør heller ikkje vere avgjerande for kor ein vel å investere i nye eller utvida skulebygg.

På bakgrunn av denne vurderinga vil ikkje arbeidsgruppa anbefale alternativ 2.

6.3 **Alternativ 3**

| | |
|--------------|---|
| Alternativ 3 | Bygge på Sagstad skule - Legge ned Grasdal skule - Legge ned Vestbygd skule Bygge ny ungdomsskule - Legge ned Meland ungdomsskule - Legge ned ungdomstrinnet på Rosslund skule |
|--------------|---|

Første del av alternativ 3 vart det ikkje valt å gå vidare med grunna for store elevtal på Sagstad, jf. Kap 5.3.

Andre del omhandlar ungdomstrinnet og skisserer ei utbygging av ein ny felles ungdomsskule i Meland. Ein felles ungdomsskule vil vere positivt med tanke på å få samla ungdomsskuleelevar i eit større miljø. Det vil også kunne virke positivt for fagmiljøet til lærarane og betre rekrutteringa. Ein ny skule kan også tenkast å gjere den offentlege skulen meir attraktiv.

Slik elevsituasjonen er i dag kjem den største utfordringa på barneskuletrinnet. For ungdomstrinnet er det meir usikkert når kapasiteten vil bli for liten. Drifta på Meland ungdomsskule kan også forlengast ei god stund ved å bygge på Meland ungdomsskule, jf. Alt 1. Ein ny ungdomsskule er kostnadsberekna til 110 mill (eks mva) utan gymsal/fleirbrukshall. Arbeidsgruppa er i utgangspunktet skeptisk til å gjere ei så stor investering på ungdomstrinnet når det største behovet er på barneskuletrinnet. Dette er også eit tiltak som bør vurderast i neste planperiode, og vil difor ikkje på bli vurdert nærare i denne planen som i utgangspunktet gjeld fram til 2018.

6.4 **Alternativ 4**

| | |
|--------------|--|
| Alternativ 4 | Bygge ny skule for 5.-10. klasse <ul style="list-style-type: none">- Gjere om Grasdahl skule til 1.- 4. klasse- Gjere om Sagstad skule til 1.- 4. klasse- Legge ned Meland ungdomsskule- Legge ned ungdomstrinnet på Rosslund skule |
|--------------|--|

Alternativ 4 søker å løyse alle kapasitetsutfordringane i ei investering. Den største utfordringa med dette alternativet er tidsaspektet. Det vil ta lang tid å få ein slik skule på plass. Lokalisering, regulering av tomt, planlegging og bygging vil fort kunne ta rundt 5 år. I mellomtida vil situasjonen på både Grasdahl og Sagstad bli uholdbar med tanke på kapasitetssituasjonen. På bakgrunn av dette har arbeidsgruppa valt å ikkje gå vidare med dette alternativet.

7 Oppsummering og tilråding

Arbeidsgruppa sitt mandat har vore å leggje fram eit kunnskapsgrunnlag for vidare planarbeid i høve til framtidig skulestruktur. Kunnskapsgrunnlaget ligg føre i denne rapporten.

Elevtalsprognosane gir eit bilete av framtidig folkevekst. I aldersgruppa 6-15 år kan Meland kommune fram mot 2030 forventast å ha årleg vekst på mellom 3,1 % (middels) og 4,3 % (høg). Kor den store auka i elevtal vil kome er avhengig av bustadbygging, og veksten vil fordele seg ulikt på dei forskjellige skulane. Prognosane viser at det er tre skular som vil få vekst: Sagstad skule, Grasdal skule og Meland ungdomsskule.

I rapporten ligg det føre ei grundig arealanalyse på kvar skule med kapasitets- og funksjonsvurderingar. Den høgste utnyttingsgraden finn ein på Meland ungdomsskule. Her er også klassestorleiken størst. Det er lettare å fylle opp klassane på ungdomstrinnet ettersom det ikkje er krav om språkdeling. Sagstad og Grasdal har utnyttingsgrad på rundt 85 %. Analysen viser at det er berre Vestbygd som i dag har ledig klasserom. Alle dei andre skulane har anten for få klasserom eller akkurat nok.

I vurderinga av framtidig skulestruktur har arbeidsgruppa lagt til grunn nokre sentrale moment og føresetnader. Fokuset har vore:

- Byggje tenelege skular
- Kommunen sine overordna planar for utvikling
- Kapasitetsfokus
- Økonomisk fokus

Arbeidsgruppa har arbeidd med ulike strukturalternativ som vist under.

| | |
|--------------|--|
| Alternativ 1 | Bygge på Grasdal skule Bygge på Sagstad skule Bygge på Meland ungdomsskule |
| Alternativ 2 | Bygge på Sagstad skule - Gjere om Grasdal skule til 1.- 4. klasse Bygge på Meland ungdomsskule |

| | |
|--------------|--|
| Alternativ 3 | Bygge på Sagstad skule <ul style="list-style-type: none"> - Legge ned Grasdal skule - Legge ned Vestbygd skule Bygge ny ungdomsskule <ul style="list-style-type: none"> - Legge ned Meland ungdomsskule - Legge ned ungdomstrinnet på Rosslund skule |
| Alternativ 4 | Bygge ny skule for 5.-10. klasse <ul style="list-style-type: none"> - Gjere om Grasdal skule til 1.- 4. klasse - Gjere om Sagstad skule til 1.- 4. klasse - Legge ned Meland ungdomsskule - Legge ned ungdomstrinnet på Rosslund skule |

Som det går fram av drøftinga under kapittel 6 vil arbeidsgruppa i planperioden (2015-18) tilrå alternativ 1. Alternativ 1 medfører ingen endring i eksisterande skulestruktur. Ved å bygge på Sagstad og Grasdal skule sikrar kommunen at desse skulane har nok kapasitet i næraste framtid. I utgangspunktet går dei førebelse prognosane for kvar skulekrins fram til 2019/2020. Basert på dei utbyggingsareala som allereie er lagt ut, og dei som er foreslått lagt ut i høyringsutkastet til kommuneplanen sin arealdel, vil det bli stor vekst i Sagstad-krinsen i tida framover.

Dersom alternativ 1 vert valt så bør det, ettersom det er så lite areal tilgjengeleg igjen, vere ein endeleg utbygging av Grasdal skule. For Sagstad sin del vert det også anbefalt at skulen ikkje vert bygd på utover det alternativ 1 skisserer. Årsaka er at skulen vil kunne få en kapasitet som overstig norma på 450 elevar. Det vil vere vanskeleg å byggje skulen formålstenleg utover denne storleiken. Nye skular kan i mykje større grad byggast på ein måte som gjer det mogleg å romme fleire elevar.

I framtida vil det bli behov for meir skulekapasitet i området Frekhaug-Flatøy. Det bør gjerast ei nærare utredning om dette i neste planperiode. Arbeidsgruppa ser for seg at det bør byggast ein ny barneskule i området etter kvart.

Det er større usikkerheit om ungdomsskulen. Årsaka er at 22 % av ungdomsskuleelevane i Meland kommune går i dag på privat skule. Utbygging av Meland ungdomsskule bør difor vurderast fortløpande på bakgrunn av korleis elevsituasjonen blir i tida framover. I utgangspunktet ser det ikkje ut til å vere behov for utbygging før tidligast i 2018.

Tidsperspektivet for denne rapporten er sett til fireårsperioden 2015-2018. Arbeidsgruppa tilrå at det vert gjennomført ei meir nøyaktig elevtalsprognose i løpet av 2015. Tiltak bør takast opp til ny vurdering i løpet av inneverande planperiode, med ny rapport gjeldande for perioden 2019-2022.